



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Referat frå ekstraordinært møte i Studentparlamentet 07.04.2022

Tid Torsdag 07.03.22 kl 16.30-17.15
Stad Digitalt på Teams

Til stades med stemmerett: 11

AHL Andrine Kompen (H)
Severine Riise Eidem (H), kun sak 77.

AKF Leander Prag Sømme (H)
Calvian Berget (V)

AMF Henriette Nordheim (H)
Stian Woo Andersson (V)

ASH Monira Adam (H)
Jenny Nystad (H)

FRI Rikke Jenny Pettersen (H)
Karl Schultz (H)
Abdikani Amiin (H)

Meldt forfall: Gwen Wördenweber (AMF), Håvard Sætre Øvrebø (AKF)

Til stades utan stemmerett

AU: Leiar Trond-Fredrik Hoddevik, infoansvarleg Bethel Britto
Ordstyrar: Trond-Fredrik Hoddevik
Referent: Organisasjonskonsulent Marit Aklestad
Andre: Irmelin Angell Losvik (medlem i høgskulestyret, sak 73-76), Ida Margrethe Ulvestad (vara FRI).

Saksliste

Sak 73 – 21/22:	Opprop og val av møteleiing	2
Sak 74 – 21/22:	Godkjenning av innkallinga.....	2
Sak 75 – 21/22:	Godkjenning av saksliste	2
Sak 76 – 21/22:	Godkjenning av referat frå møte 30.03.22.....	3
Sak 77 – 21/22:	Leiingsmodell ved HVO. Valt vs tilsett rektor	3

Sak 73 – 21/22: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Namneopprop

11 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

Val av møteleiing

Vedtak (samrøystes)

- Leiar Trond-Fredrik Hoddevik vart vald til ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad vart vald til referent
- Marit Aklestad og Bethel Britto vart valde til teljekorps

Sak 74 – 21/22: Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjende møteinnkallinga.

Sak 75 – 21/22: Godkjenning av saksliste

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet vedtok sakslista for møtet, inkludert ekstrasak 72/22 og tilleggsmerknad.

Sak 76 – 21/22: Godkjenning av referat frå møte 30.03.22

Type sak: Vedtakssak

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenne referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 30.03.22

Sak 77 – 21/22: Leiingsmodell ved HVO. Valt vs tilsett rektor

Type sak: Vedtakssak

Saka var oppe til diskusjon på førre møte i Studentparlamentet (sak 69/21-22) og skal no opp til vedtak. Vedtaket vil bli sendt til Høgskulestyret som høyringssvar frå Studentparlamentet i saka innan fristen 20. april.

Leiar Trond-Fredrik H. Hoddevik presenterte saka før det var opna for debatt.

Debatten

- Utfordring med valt rektor at det ikkje er mange som stiller til val
- Likevel tydeleg ut i frå resonnement i tidlegare debattar og i allmøtet for tilsette at valt rektor er eit gode for HVO.
- Viktig å jobbe for å få fleire kandidatar til å stille til val, og gjere studentar meir engasjert i valet. Framheve den demokratiske sida av rektorvalet.
- Valt rektor verkar som det beste alternativet for oss studentar og for skulen, det mest logiske til tross for at det ikkje alltid er så mange som stiller.

Det blir vist til meir utfyllande debatt av saka i sak 69/21-22 og oppsummerande argumentasjon i AU si innstilling til dagens sak 77/21-22. Argumentasjon og synspunkt frå den tidlegare handsaminga av saka blir også tatt med i høyringssvaret.

Votering: dei to ulike leiingsmodellane, valt rektor vs tilsett rektor blei sett opp mot kvarandre.

10 stemmer for valt rektor

1 stemme for tilsett rektor

Vedtak:

Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda ynskjer at dagens leiingsmodell med valt rektor blir vidareført ved Høgskulen i Volda.